

Innst. S. nr. 36.

(1998-99)

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om tilleggsløyving på statsbudsjettet for 1998 for å dekkje kontingensten til CERN.

St.prp. nr. 7 (1998-99).

Til Stortinget.

Departementet gjer framlegg om ei tilleggsløyving på 20 mill. kroner over statsbudsjettet for 1998. Bakgrunnen er at kontingensten for Noreg si deltaking i den internasjonale samarbeidsorganisasjonen CERN (European Organization for Nuclear Research) er blitt dyrare enn rekna med. Kronekurset har gått ned. Samstundes har norsk BNP, som er hovudelementet i utrekningsgrunnlaget, styrkt seg monaleg i utrekningsperioden i høve til dei andre medlemslanda. Det som står att av kontingensten til CERN skulle vore utbetalt i juli 1998.

Departementet sitt framlegg til løyving under kap. 288 post 72 er rekna ut frå valutakurs pr. 15.øktober 1998.

Komiteen har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

På statsbudsjettet for 1998 gjøres følgende endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
288	72	Internasjonale samarbeidstiltak: Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar, vert auka med frå kr 80 573 000 til kr 100 573 000	20 000 000

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 24. november 1998.

Grete Knudsen,
leiar.

Petter Løvik,
ordførar.

Rune E. Kristiansen,
sekretær.